

Til
Andreas Johan Madsen / Rektorat

Vår ref.:
24/01559-6

Dato:
06.03.24

Referat frå IDF-møte 4.03.2024

Referat frå IDF-møtet 04.03.24 kl 13.00-15.00

Organisasjonane/Hovudtillitsvalde (HTV)

Nina Roskinn Harketstad, Akademikerne
Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet
Tone Skjerdal, LO-stat

Forfall: Parat

Karin Bell Hovudverneombod (HVO)

Arbeidsgjevar

Gunnar Yttri, rektor
Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
Anette Fristad, Avdelingsleiar HR
Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar HR (referent)

Rektor informerte IDF-møtet om at han i dag gjennomførte eit digitalt informasjonsmøte for alle leiarar om den økonomiske stoda.

Rektor informerte om innhaldet i styreseminaret 05.03.24.

Styresaker

5/24-B - Godkjenning av innkalling og saksliste til styremøte 2/2024

6/24-B - Søknad om utredningstillatelse for bachelorgradsstudium i kunstfag ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Avdeling
HR - Avdeling for
HR

Saksbehandlar
Wenche Fjørtoft
Telefon:
+47 57 67 61 20

Hovudtillitsvalde (HTV) stiller spørsmål ved om det er eit søkjergrunnlag og ein potensiell etterspurnad etter ei slik utdanning. Dette med bakgrunn i låge søkar- og møtttal på landsbasis og på Stord. Er det tilstrekkeleg grunnlag for å bruke ressursar på ei slik utgreiing? Spør også om utgreiinga av å opprette dette studiet er ein del av ei campussatsing på Stord?

7/24-B - Årsrapport 2023 - Høgskulen på Vestlandet

Rektor orienterte.

Hovudverneombodet (HVO) saknar omtale av arbeidet til vernetenesta og samarbeider om arbeidsmiljøet (kap 9).

HTV saknar omtale av berekraft og oppfølginga av styret sitt vedtak av *Handlingsplan for berekraft*. Rapporten inneheld for mykje detaljar og det strategiske forsvinn. Eit eksempel er det strategiske arbeidet med campusutvikling.

Arbeidsgjevar vil følgje opp innspela.

8/24-B - Endeleg budsjett 2024

HTV: Dette er ei sak som engasjerer medlemmene mykje:

- Kva vil effekten av omstillingstiltaka som er innført vere på kort og lang sikt?
- Er det realistisk at FHS kan greie eit stort budsjettkutt? Korleis skal dei klare å spare inn midlane? Korleis vurderer fakultetet situasjonen dei er i?
- Kva vil vi spare på tiltak som er sett i verk?
- Reduksjon av stillingar – det skal hovudsakleg vere reduksjon av lønskostnader. Men det vert også diskutert korleis ein kan redusere utgiftene innan FOU og praksiskostnader.
- Vi har i mange år hatt mindreforbruk. Kva skjer om vi får meirforbruk? Kvifor er vi så redde for å bruke meir midlar når vi i mange år har hatt mindreforbruk?

Rektor: :

- Det har vore arbeidd med sparetiltaka ei tid. I kva grad tiltaka lukkast vil vi får ein viktig peikepinn om ved rapportering i første tertial 2024.
- Vi har tidlegare bygt opp avsettingar og vi er pålagt å lage investeringsplanar. No handlar det om å ta ansvar for ein situasjon med vesentleg strammare økonomiske rammer.

HTV: Under årsrapporten vart handlingsplan for berekraft nemnt. Styret gjorde i 2023 vedtak om strategisk budsjett tildeling slik at tiltaka kan gjennomførast. Midlane står i null for 2024. Betyr det at oppfølginga av handlingsplan for berekraft ikkje har midlar?

Rektor: Krav til oppfølging av *Handlingsplan for berekraft* står i rektor sitt oppdragsbrev 2024. Det er forventa at ein gjennomfører tiltaka innafor ramma ein har.

HVO: vi er sett i situasjon der vi skal spare pengar. Det er ein risiko at vi har mindre pengar framover. Kva risikovurdering vert gjort i høve denne situasjonen, for utvikling av organisasjonen og aktiviteten innan utdanning og forskning?

Rektor: Vi har ikkje gjennomført risikoanalysar. Samtidig vert det gjort vurderingar i ulike linjer og i ulike prosjekt. Vi er i alle fall nøydd til å tilpassa verksemda til aktivitet.

HTV: Prioritering av arbeidsoppgåver og risikovurdering vil vere viktig framover og må vere ei prioritering. Auken i administrasjonen har vore nødvendig. Ved fusjonstidspunktet hadde vi få administrativt tilsette i høve til faglege tilsette. Kor stor er ein forsvarleg administrasjon?

Rektor: Veksten vi har hatt har kome både i det vitskaplege og det administrative. Stillingsstoppen kom på realbudsjetterte administrative stillingar, medan fakulteta har ansvar for tilpassingane knytt til vitskaplege stillingar. .

9/24-B - Hovudgrep i utviklinga av den eigenfinansierte studieporteføljen ved HVL

Rektor orienterte.

HTV: Det er vanskeleg å sjå at saka gir forslag til handlingsalternativ for styret. Det er omtalar og gode vurderingar, men ingen forslag til handling.

HVO stiller spørsmål om kva deltid og digitale utdanningar gjer med studentlivet på campusane? Går vi mot nye/eldre studentgrupper og vekk frå dei som er ferdig med vidaregåande skule?

Rektor: Det er godt forståeleg at spørsmålet om kva fulldigitalisering av utdanningar gjer med studentengasjement og fagleg engasjement på campus kjem opp. Vi vender oss mot fleire studentgrupper ved å digitalisere og gjer det fleksibelt, men det har også konsekvensar. Teknologien gir moglegheiter, men endrar også grunnlaget for verksemda.

10/24-B - Utlysing av stilling som rektor ved Høgskulen på Vestlandet - oppnemning av innstillingsutval og tidsplan

Organisasjonsdirektør orienterte. Saka vart tatt opp til slutt i møtet, rektor deltok ikkje.

11/24-B - Revisjon av retningslinjer for tildeling og bruk av arbeidsplasser på HVL

Rektor orienterte. Saka er handsama av tillitsvalde, jf. eige referat.

HTV stiller spørsmål om leiinga har vurdert konsekvensane for tilsette og mellomleiarar som skal forvalte retningslinjene og dei knappe rammene for arbeidsplassane. Det er lagt inn at ein kan ha underdekning på inntil 20%. Må det talet vere så høgt? Ein skulle ønskt at 10 % burde vere maks underdekning.

HVO stiller spørsmål om kva som skal gjelde no når ei partssamansett arbeidsgruppe har utarbeidd og vedtatt eitt dokument og styret eitt dokument? Er det styret sine retningslinjer som skal gjelde no? Verkar uryddig og medverknaden kan diskuteras.

Orienteringssaker

O-11/24 - Regnskap 3.tertial 2023

HTV: Saka inneheld ei fin gladsak om auka ekstern omsetning. HVL er beste i klassen. Dette må gjevast som fjør i hatten og honnør til fagmiljøa.

O-12/24 - Orientering om Studiebarometeret 2023

O-13/24 - Universitetsprosjektet - status og veien vidare vårsemesteret 2024

Rektor orienterte.

O-14/24 - Internrevisjonen - Årsrapport 2023

HTV: Det er positivt med tema om medarbeidarsamtale og systematisk kompetanseutvikling for teknisk administrativt tilsette i neste internrevisjon.

O-15/24 - Årsrapport studentombudet 2023

O-16/24 - Årsrapport personvernombud 2023

Referatsaker

O-17/24 - Referatsaker - styremøte 2/2024

O-18/24 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 2/2024

Rektor orienterte.

O-19/24 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 2/2024

Rektor orienterte.